

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato: 20.06.2017
Tidspunkt: 12.45 – 15.20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Neshe Lie	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Espen Berntsen	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Siri Klokkestuen	A
Anita Garlid Johannessen	Sigbjørn Framnes	FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David Aasen	Kst. fylkeskonservator
Britt-Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Eva Katrine Ritland Taule	Seniorrådgjevar regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar kultur- og idrettsavdelinga

Odd Kenneth Mellingen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 86/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 87/17	Godkjenning av møtebok frå førre møte		
PS 88/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 33/17	Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen skuleåret 2017-2018	2017/1892	
RS 34/17	Administrativ høyringsuttale Melding til Stortinget nr. 26 "Industrien - grønnere, smartere og mer nyskapende"	2017/3641	
RS 35/17	Rapport - revidert skisseprosjekt av Sentralbadet som Scenekunsthuss	2015/4446	
RS 36/17	Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2017 - prioriteringsliste	2017/1436	
RS 37/17	AUD-rapport 03-17 Kunstfaga i grunnskulen i Hordaland - Tilstand og utfordringar i 2016	2017/1892	
RS 38/17	Invitasjon til internasjonal bibliotekkonferanse i Bergen 15. - 17. august	2017/3858	
RS 39/17	Dialogkonferansen idrett og friluftsliv 2017 - Invitasjon og mellombels program	2017/4913	
RS 40/17	Rapport frå Nordsjøkommissjonen - møte i Energy and Climate Change Group 19.-21.april 2017	2017/4254	
PS 89/17	Museumsløft 2017	2017/4777	
PS 90/17	Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) haust 2017	2017/654	
PS 91/17	Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.	2014/21474	
PS 92/17	Høyringsfråsegn – Forslag til lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen	2017/4171	
PS 93/17	Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne	2014/16238	
PS 94/17	Revidering av retningsliner til utviklingsstipend og nye retningsliner for nytt stipend til gateaktivitet	2017/4623	
PS 95/17	Sommarfullmakt 2017 til utvalseiar for utval for kultur, idrett og regional utvikling.	2016/4933	
PS 96/17	Gåve til Bergen og Omland Friluftsråd sitt 80-års-jubileum i 2017	2017/4635	
PS 97/17	Ymse		
PS 98/17	Innspel til handlingsprogram knytt til Meld.St.18 (2015-16) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet frå Hordaland fylkeskommune	2014/19767	
PS 99/17	Fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland	2017/1180	

PS 86/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 87/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.05.2017 vart godkjent utan merknader.

PS 88/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Til RS 36/15 Geir Kjell Andersland (V) ønskte ei orientering om DNS sin status i prosjektet Konst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd orienterte.

Til RS 36/17 ønskte May Eva Sandvik (H) svar på om det var andre søkjarar enn dei som kom fram i meldinga.

Fylkesdirektør regionalavdelinga Bård Sandal orienterte. Det var ikkje fleire søkjarar.

Til RS 39/17 ønskte Beate Husa at medlemane merka seg fristen for påmelding 20. august.

Vedtak

Utvalet tok elles sakene til orientering.

PS 89/17 Museumsløft 2017

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar fylkesrådmannen sitt forslag om at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at tiltak C, *Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015*, ikkje vert del av tilskotsordninga i 2017. Tiltaket er ikkje prioritert med museumsløftmidlar i handlingsprogrammet for 2017, og vert såleis å kome attende til i 2018.
3. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til endring i følgjande setning under søknadskrav, sakshandsaming og vedtak frå «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Medlem Kari Foseid Aakre (A) er nestleiar i styret for Museumssenteret i Hordaland. Medlem May Eva Sandvik (H) er vararepresentant til styret i Sunnhordland museum og har vore på eitt møte. Begge ønskte utvalet si vurdering om gildskap.

Eit samla utval vedtok at dei var ugild etter fvl. § 6.1, bokstav e, og dei gjekk begge frå.

Det var 10 representantar til stades.

Anita Garlid Johannessen (Frp) foreslo følgjande endring i pkt.1 i fylkesrådmannen sitt forslag:

«1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke med Johannesen si endring.

Vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek at tilskotsordninga Museumsløft har årstal knytt til seg, slik at for 2017 vert det ei endring i namnet frå «Museumsløft 2016» til «Museumsløft 2017».
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til at tiltak C, *Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi, jmf. Regional plan for museum 2011-2015*, ikkje vert del av tilskotsordninga i 2017. Tiltaket er ikkje prioritert med museumsløftmidlar i handlingsprogrammet for 2017, og vert såleis å kome attende til i 2018.
3. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til endring i følgjande setning under søknadskrav, sakshandsaming og vedtak frå «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar for sitt museum/tiltak» til «Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak.»

PS 90/17 Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) haust 2017

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 116 000 kroner over budsjettpost 400.620, slik:

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Askøy Kulturvern og Historielag	Den Historiske Skolesekken	0
2	Bømlo Tur- og Sogelag	Bergehuset - tett hus	0
3	Etne Sogelag	Innsamling og publisering av informasjon	9000
4	Fana Historielag	Årsskrift 2017	8000
5	Hordaland Sogelag	Driftstilskot til Hordaland sogelag	0
6	Interessegruppa for Hedleberget	Bok - Hedleberget frå arbeidarane si vinkling	8000
7	Kvam soge- og kulturminnelag	Jubileumsbok	8000
8	Kvinherad sogelag	Kvinhersminne Årbok XVIII	8000
9	Lindås sogelag	Registrering, digitalisering og publisering av arkiv og foto	20000
10	Os Sogelag	Tresko etter gamlemåten	3000
11	Radøy sogelag	Medlemsblad 2017 og registrering av fotosamling	8000
12	Sulo krins ve og vel	Digital bygdebok	8000
13	Sund sogelag	Havstrilen 2017	10000
14	Sunnhordland museum	Lengten etter far - lengten etter mor. Sunnhordland årbok 2017	0
15	Ulvik sogelag	Oppdatering av gards- og ættesoga for Ulvik	0
16	Vener av Mjøs vågen	Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøs vågen	10000
17	Voss Sogelag	Gamalt frå Voss	8000
18	Vossestrand Sogelag	Kulturhistorisk biletbok om Vossestrand	8000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 116 000 kroner over budsjettpost 400.620, slik:

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Askøy Kulturvern og Historielag	Den Historiske Skolesekken	0
2	Bømlo Tur- og Sogelag	Bergehuset - tett hus	0
3	Etne Sogelag	Innsamling og publisering av informasjon	9000
4	Fana Historielag	Årsskrift 2017	8000
5	Hordaland Sogelag	Driftstilskot til Hordaland sogelag	0
6	Interessegruppa for Hedleberget	Bok - Hedleberget frå arbeidarane si vinkling	8000
7	Kvam soge- og kulturminnelag	Jubileumsbok	8000
8	Kvinherad sogelag	Kvinhersminne Årbok XVIII	8000
9	Lindås sogelag	Registrering, digitalisering og publisering av arkiv og foto	20000
10	Os Sogelag	Tresko etter gamlemåten	3000
11	Radøy sogelag	Medlemsblad 2017 og registrering av fotosamling	8000
12	Sulo krins ve og vel	Digital bygdebok	8000
13	Sund sogelag	Havstrilen 2017	10000
14	Sunnhordland museum	Lengten etter far - lengten etter mor. Sunnhordland årbok 2017	0
15	Ulvik sogelag	Oppdatering av gards- og ættesoga for Ulvik	0
16	Vener av Mjøs vågen	Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøs vågen	10000
17	Voss Sogelag	Gamalt frå Voss	8000
18	Vossestrand Sogelag	Kulturhistorisk biletbok om Vossestrand	8000

PS 91/17 Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for Sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune - 2. gongs høyring.

Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforlag:
 - I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.

- II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.
 - III. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6)».
 - IV. Naust ved Hosanger kyrkjestad – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjestad og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke skjemmande på kulturmiljøet.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå. Det er knytt motsegn til punkt I:
- I. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Skaftå og Blom vert teke ut av planen, då det i for stor grad vil utfordre framtidig akvakulturaktivitet innafor dagens rammar og tilgjengelege teknologiske løysingar.
 - II. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
- I. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar utan krav om reguleringsplan.
 - II. Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utan akvakultur.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av eit samla utval:

«Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.»

Det var 12 representantar til stades.

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i september. Utvalet ber administrasjonen leggje til rette for synfaring der partane vert invitert til å delta.

PS 92/17 Høyringsfråsegn – Forslag til lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positivt til forslaget om ny lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og til forslaget der om å vidareføre fylkeskommunen si fullmakt til å gje løyve til utvinning av skjelsand, sand og grus.
2. Fylkesutvalet ser behov for at det så snart som råd etter at lova er vedteken vert utarbeidd oppdaterte saksbehandlingsreglar rundt søknader om løyve til utvinning skjelsand, sand og grus i dei nære kystområda.
3. Etter at lova er vedteken føreslår fylkesutvalet at det vert utarbeidd det som i høyringsnotatet er kalla ei «strategisk konsekvensutgreiing» som grunnlag for vidare ressursforvaltning av skjelsand i dei nære kystområda.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positivt til forslaget om ny lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og til forslaget der om å vidareføre fylkeskommunen si fullmakt til å gje løyve til utvinning av skjelsand, sand og grus.
2. Fylkesutvalet ser behov for at det så snart som råd etter at lova er vedteken vert utarbeidd oppdaterte saksbehandlingsreglar rundt søknader om løyve til utvinning skjelsand, sand og grus i dei nære kystområda.
3. Etter at lova er vedteken føreslår fylkesutvalet at det vert utarbeidd det som i høyringsnotatet er kalla ei «strategisk konsekvensutgreiing» som grunnlag for vidare ressursforvaltning av skjelsand i dei nære kystområda.

PS 93/17 Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne

Forslag til innstilling

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for vaksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

- 1 Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.06.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1 Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1 Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereretteiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.

- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer.

PS 94/17 Revidering av retningslinjer til utviklingsstipend og nye retningslinjer for nytt stipend til gateaktivitet

Forslag til vedtak

1. Vedlagte retningslinjer for utviklingsstipend for idrettsutøvarar vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Vedlagte retningslinjer for gateaktivitet vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vedlagte retningslinjer for utviklingsstipend for idrettsutøvarar vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Vedlagte retningslinjer for gateaktivitet vert vedteke slik dei ligg føre.

PS 95/17 Sommarfullmakt 2017 til utvalsleiar for utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Forslag til vedtak

1. Det planlagde møtet for Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. august 2017 utgår.
2. I dei sommarvekene Utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje har møte, har utvalsleiaren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd. Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling i første møte etter ferien.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det planlagde møtet for Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. august 2017 utgår.
2. I dei sommarvekene Utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje har møte, har utvalsleiaren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd. Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling i første møte etter ferien.

PS 96/17 Gåve til Bergen og Omland Friluftsråd sitt 80-års-jubileum i 2017

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

PS 97/17 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Spørsmål frå medlemne:

Olav Kvinge (H) ønskte ei orientering om fylkeskommunen var kjend med den byggetekniske tilstanden til Klosteret 17 der Hordaland kunstsenter har sitt virke, og om det evt. låg føre planar for vidare prosess. Konst. fylkesdirektør kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd orienterte. Administrasjonen vil følgje opp med eit møte med styret i Klosteret 17, og kjem attende til utvalet med ei orientering.

Geir Kjell Andersland (V) ønskte ei orientering om status for Vestnorsk filmkommisjon. Fylkesdirektør regionalavdelinga, Bård Sandal orienterte.

Geir Kjell Andersland (V) ønskte ei orientering om sak om ny trase for 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk.

Konst. fylkesdirektør kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd orienterte og viste også til notat frå fylkesrådmannen til utvalet dagesett 13.06.2017 delt ut i møte.

Delt ut i møte:

- Notat frå fylkesrådmannen til utvalet dagesett 13.06.2017
- Notat om fylkeskulturkonferansen 2017
- Notat om arkivkonferanse 5. – 7. september 2017, eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen Byarkiv og Interkommunalt arkiv i Hordaland
- Heftet Utviklingsplan for Hordaland,- Regional planstrategi 2016 – 2020.

PS 98/17 Innspel til handlingsprogram knytt til Meld.St.18 (2015-16) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til handlingsprogram knytt til Meld. St. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og kvalitet*, slik det vert presentert i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til handlingsprogram knytt til Meld. St. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og kvalitet*, slik det vert presentert i saksutgreiinga.

PS 99/17 Fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at Fylkesarkivet ved Kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tilrår at Fylkesarkivet ved Kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.